

PROLOG PÅ BAUTAHAUGEN

10.JUNI 2007

AV SOLVEIG GRAN

Enno ein gong fekk eg våren å sjå.
Naturen står blomsterpynta, og fjella har berre snøklattar på.
Det går mot sumar og hendingar i vente,
draumar om lukke og gleder vi kan hente.

Enno ein gong samlar Bautahaugen og Kjørka til stevne.
Bautahaugen feirar 105 i år og tek imot oss etter beste evne.
Så vel møtt til kvar kar og kvinne
som hit ville vegen finne!

Men skal det bli skikkeleg fest,
må det hentast ein æresgjest.
Arrangementkomiteen byr på ei ekstra sviske:
den nye biskopen vår som heiter Solveig Fiske.

Eit varmt velkomen til deg
som reiste denne lange veg!
Glad du ikkje takka nei og unna glei
når ryktene svei og varsla uro og stor ståhei!
Det er ikkje lett å vera biskop Roses etterfølger
dersom det er forventa at ho stiller storm og bølger!
Biskop Solveig, å få møte deg i dag har vi gledd oss til aller mest.
Ein nyutnevnt biskop er støtt ein spanande gjest.
Ein kvinneleg biskop gir ekstra forventning og blest.

Vi møter med eit åpent sinn
og vonar dagen vil svara til draumen din.
Biskop Rose fekk i Hedalen mang ein ven.
Ho rydda sin veg, men du må trå din!

Ja, biskop Rose kom, så og respekten vann.
Ho tala også varmt om menneskeverd.
Men ikkje alle var til stades då,
og nokon er litt gløymske og!
At emnet må haldast varmt, vi prøver på.

I Bibelen les vi:" Her er ikke jøde eller greker,
slave eller fri, mann eller kvinne. Dere er alle ett i Kristus."-

Dessverre fekk historia ein annan praksis.

Maktsjuken- å ville ha makt over andre, var den store freistung.
For menneskeverdet og den svake var dette ei ulykkeleg løysing.

Det finst ein kristen ledetråd-
om vi fylgjer Jesu råd.

Ja, kva va'no det viktigaste bodet du lærde før preste'?

Du skal elske din neste
som deg sjøl,
kjære hedøl!

Bjørnsonssangen hugsar du så vel:

Elsk din neste, du kristensjel,
tred ham ikke med jernskodd hel!

Kjærleik er visst vorten ei mangelvare
når det gjeld å dele med andre.

Egoismen- er vår store svikt,
vi har aldri brydd oss om å dele likt.

Må det kjempast med sverd
for at dei fattige i verda skal vinna **sitt** menneskeverd?

Hedalen er "en unnagjemt dalsprekk," så skreiv Caspari.
Vår meining er ganske kontrari.

Her er fjell og vidder, skog og vatn med fiskebett.

Og bygda har åpna seg for verda med breiband, tv og internet.

Alle regnbogefargane har eg i spekteret sett,
ikkje so tront at ein ser berre svart og kvitt.

Bygda er i omstilling litt om litt.

Der gamle hus stod tomme, er nye folk flytt inn.

Dei har visst andre skikkar, er forskjellige i sinn.

Skal vi for framtida leva bak kvar vår stengde grind ?

Eller vågar du kontakt, bli kjent med nabo'n din?

Usamse? Vi?

Eit rykte såg eg nyss i bla'e.

Nei, avismat av dette slage', det gjer oss ikkje glade.

Ein må kunne sjå ulikt på ei sak
utan å ta mannen som står bak.

Eg ser det slik, og han ser det sånn.

Men ska eg av den grunn ta rotta på'n?

Ulike meiningar må vi leva med.

Men i bygda vår vil vi ha samarbeid og fred!!

Då må vi gje einannan TOLERANSE.

Ingen ynskjer etter andres pipe å danse!

Toleranse treng eg når eg har ei overbevisning og ei tru.

Med toleranse kan vi mellom oss bygge bru.

Eg vil bera over med dine meininger når mine avvik ifrå dine.

SÅ VONAR EG AT DU VIL BERA OVER MED MINE-

Eg vil hevda din rett til fritt å tenkje.

Fritt kan du di meinig si.

Fritt kan du din Gud få dyrke.

Fritt kan du velge parti utan at eg blandar meg i.

Eg vil gje deg olbogerom og rett til alt som eig særpregdersom det ikkje krenkjer menneskeverdet på din veg.

Kwart menneske har sin eigenverdi,

den skal du krevja, og den skal du gi.

”FRIHET, LIKHET, BRORSKAP”

kan vera motto for menneskeverd og einskap.

I eit fritt land bur vel frie menneskje?

På det personlege plan er dette ofte ein klisje.

Den kjensla er veldig bedrøveleg:

signala på at eg burde forandra meg-

før enn du kan lika meg.

Eit godt navn og eit godt rykte, det kan **du** meg gje,

eller motsett: trø meg i søla ned.

Mobbing og hets fører med til det.

Nei, no får alle gå i seg sjøl
og feie betre for eiga dør!

Heldig er den som er positiv, real og raus-
som i alt dette alvor slepp smilen og latteren laus!

Så vil eg orda hennar Sigrid Aspholt til minne ha:

”Alle var einige når dei tungtak skul’ta.

Som syskin stod folket i bygda vår da.”

Lat oss samle desse glør –
slik at dugnadsånden mellom oss aldri dør!

I Hedalen vil vi leva og bu,

trena på sameksistens eg og du!

Då kan vi med han Edvart gje bygda god attest:

”Den bygda heiter Hedal’n. Der trivs je aller best!”